



Arkivnr: 2015/11453-105  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		25.10.2017

## Endring av forskrift for Fagskolane i Hordaland

### Samandrag

I samband med godkjenning av studietilbodet Lokal matkultur har NOKUT meldt om eitt tilhøve i forskrift for Fagskolane i Hordaland som må endrast. Av di forskrifta skal sendast på ny høyring når det vert gjort endringar, har fagskulen og administrasjonen ved opplæringsavdelinga sett på andre tilhøve som også bør endrast. Samtidig har fylkestinget vedteke at Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland vert slått saman frå 1. januar 2018, og det er derfor naudsynt å oppdatere forskrifta i høve til ny organisering.

### Forslag til vedtak

Forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland vert vedteke sendt på open høyring med høyringsfrist 11. desember 2017.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Forskrift for Fagskolen i Hordaland

**Fylkesrådmannen, 13.10.2017**

I samband med godkjenning av studietilbodet Lokal matkultur har NOKUT meldt om eitt tilhøve i forskrift for Fagskolane i Hordaland som må endrast. Av di forskrifta skal sendast på ny høyring når det vert gjort endringar, har fagskulen og administrasjonen ved opplæringsavdelinga sett på andre tilhøve som også bør endrast. Samtidig har fylkestinget vedteke at Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland vert slått saman frå 1. januar 2018, og det er derfor naudsynt å oppdatere forskrifta i høve til ny organisering.

Høyringsfrist vert sett til 11. desember 2017, og styret får sak om fastsetting av oppdatert forskrift i januar 2018.

Forskrifta vert føreslått sendt på open høyring med følgjande spesifiserte høyringspartar:

Fagskolen i Hordaland  
Hordaland helsefagskole  
Studentrådet ved Fagskolen i Hordaland  
Studentrådet ved Hordaland helsefagskole  
Organisasjon for norske fagskolestudenter (ONF)  
Fagskular  
Råd for offentlige fagskoler (RFF)  
Relevante arbeidstakarorganisasjonar

<b>Kommentar/forklaring</b>	<b>Opphavelig tekst i forskrifta</b>	<b>Ny tekst i forskrifta</b>
Namnet på forskrifta vert føreslått endra.	Forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolane i Hordaland	Forskrift om opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland
Namnet Fagskolane i Hordaland er endra til Fagskolen i Hordaland.	<u>§ 1-1 Heimel og verkeområde</u> Styret ved Fagskolane i Hordaland har med heimel i §§ 4 og 6 i lov om fagskoleutdanning vedtatt forskrift som regulerer tilhøve knytt til opptak, skikkavurdering og politiattest, eksamen og vurdering, disiplinære sanksjonar, annullering, klagerettar og klagebehandling. Forskrifta har kortnamnet <i>forskrift for Fagskolane i Hordaland</i> .	<u>§ 1-1 Heimel og verkeområde</u> Styret ved Fagskolen i Hordaland har med heimel i §§ 4 og 6 i lov om fagskoleutdanning vedtatt forskrift som regulerer tilhøve knytt til opptak, skikkavurdering og politiattest, eksamen og vurdering, disiplinære sanksjonar, annullering, klagerettar og klagebehandling. Forskrifta har kortnamnet <i>forskrift for Fagskolen i Hordaland</i> .
Namnet Fagskolane i Hordaland er endra til Fagskolen i Hordaland.	<u>§ 2-1 Generelt om opptak</u> (1) Opptak av studentar til Fagskolane i Hordaland skjer gjennom Nasjonalt opptakskontor for fagskolen. Dette gjev felles kvalifikasjonskrav og reglar for poengutrekning for søkjarar i heile landet. Opptak av studentar skjer berre på grunnlag av poengutrekning og rangering (realkompetanse vert rekna om til poeng). Dette gjev høve til å sjå både tal og poengnivå for	<u>§ 2-1 Generelt om opptak</u> (1) Opptak av studentar til Fagskolen i Hordaland skjer gjennom Nasjonalt opptakskontor for fagskolen. Dette gjev felles kvalifikasjonskrav og reglar for poengutrekning for søkjarar i heile landet. Opptak av studentar skjer berre på grunnlag av poengutrekning og rangering (realkompetanse vert rekna om til poeng). Dette gjev høve til å sjå både tal og poengnivå for søkjarar ved opptak til kvar fagskuleutdanning.

	<p>søkjarar ved opptak til kvar fagskuleutdanning.</p> <p>(2) Ordinær søknadsfrist til fagskuleutdanning ved Fagskolane i Hordaland er 15. april, og retningsliner for å søkje er å finne på heimesida. Ved avvikande søknadsfrist vert dette kunngjort på heimesida</p>	<p>(2) Ordinær søknadsfrist til fagskuleutdanning ved Fagskolen i Hordaland er 15. april, og retningsliner for å søkje er å finne på heimesida. Ved avvikande søknadsfrist vert dette kunngjort på heimesida</p>
<p>Namnet Fagskolane i Hordaland vert føreslått endra til Fagskolen i Hordaland.</p> <p>Siste setning under punkt a, om når fagprøven må vere bestått vert føreslått endra frå 31. desember i opptaksåret til 1. oktober i opptaksåret. Årsaka til dette er at føremålet med regelen er at søkjarar som har avlagt fagprøven i løpet av sumaren skal ha moglegheit til å søkje. Søkjarar som har avlagt fagprøve om hausten må vente med å søkje opptak til våren etter.</p>	<p><u>§ 2-2 Opptakskrav</u> Grunnlag for opptak til studietilbod ved Fagskolane i Hordaland er a) eller b) under jf. Lov om fagskuleutdanning § 1:</p> <p>a) Fullført og greidd vidaregåande opplæring med fagbrev/sveinebrev/vitnemål frå relevant yrkesutdanning. Informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning som gjev grunnlag for opptak, er nedfelt i studieplanane. Søkjarar som kan dokumentere at dei skal gjennomføre fagprøve etter opptaksfristen, kan tildelast plass. Studenten misser plassen om han/ho ikkje består eller ikkje fullfører fagprøven. Fagprøven må vere gjennomført innan 31. desember i opptaksåret.</p>	<p><u>§ 2-2 Opptakskrav</u> Grunnlag for opptak til studietilbod ved Fagskolen i Hordaland er a) eller b) under jf. Lov om fagskuleutdanning § 1:</p> <p>a) Fullført og greidd vidaregåande opplæring med fagbrev/sveinebrev/vitnemål frå relevant yrkesutdanning. Informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning som gjev grunnlag for opptak er nedfelt i studieplanane. Søkjarar som kan dokumentere at dei skal gjennomføre fagprøve etter opptaksfristen kan tildelast plass. Studenten misser plassen om han/ho ikkje består eller ikkje fullfører fagprøven. Fagprøven må vere gjennomført innan 1. oktober i opptaksåret.</p>
<p>Namnet Fagskolane i Hordaland er endra til Fagskolen i Hordaland.</p>	<p><u>§ 2-4 Søkjarar med utanlandsk utdanning</u> (1) Søkjarar med fullført vidaregåande opplæring frå dei andre nordiske landa er kvalifisert for opptak ved Fagskolane i Hordaland når den vidaregåande opplæringa i dei respektive landa gjev generelt opptaksgrunnlag til tertiærutdanning tilsvarande norsk fagskuleutdanning.</p>	<p><u>§ 2-4 Søkjarar med utanlandsk utdanning</u> (1) Søkjarar med fullført vidaregåande opplæring frå dei andre nordiske landa er kvalifisert for opptak ved Fagskolen i Hordaland når den vidaregåande opplæringa i dei respektive landa gjev generelt opptaksgrunnlag til tertiærutdanning tilsvarande norsk fagskuleutdanning.</p>
<p>Namnet Fagskolane i Hordaland er endra til Fagskolen i Hordaland.</p>	<p><u>§ 2-6 Realkompetansevurdering</u> (1) Fagskolane i Hordaland gjennomfører realkompetansevurderinga i</p>	<p><u>§ 2-6 Realkompetansevurdering</u> (1) Fagskolen i Hordaland gjennomfører realkompetansevurderinga i tråd</p>

	<p>tråd med forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning § 3-1 og rettleiar frå <a href="#">Kompetanse Norge</a>. Kompetansen til søkjaren vert vurdert opp mot læreplanmål i vidaregåande opplæring innan relevante programområde. Informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning er nedfelt i studieplanane. Opptak gjort på bakgrunn av realkompetanse vil berre gjelde for den utdanninga det vert realkompetansevurdert til.</p>	<p>med forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning § 3-1 og rettleiar frå <a href="#">Kompetanse Norge</a>. Kompetansen til søkjaren vert vurdert opp mot læreplanmål i vidaregåande opplæring innan relevante programområde. Informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning er nedfelt i studieplanane. Opptak gjort på bakgrunn av realkompetanse vil berre gjelde for den utdanninga det vert realkompetansevurdert til.</p>
<p>Namnet Fagskolane i Hordaland er endra til Fagskolen i Hordaland.</p>	<p><u>§ 2-7 Annullering av vedtak om realkompetansevurdering</u> (1) Den lokale klagenemnda kan annullere vedtak om godkjent realkompetanse til ei fagskoleutdanning ved Fagskolane i Hordaland dersom ein student er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. lov om fagskoleutdanning § 9.</p>	<p><u>§ 2-7 Annullering av vedtak om realkompetansevurdering</u> (1) Den lokale klagenemnda kan annullere vedtak om godkjent realkompetanse til ei fagskoleutdanning ved Fagskolen i Hordaland dersom ein student er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. lov om fagskoleutdanning § 9.</p>
<p>«Rektor ved den einskilde skule» vert føreslått endra til berre «Rektor» jf. samanslåinga av fagskulane frå 1. januar 2018.</p>	<p><u>§ 2-8 Ansvar for opptak</u> Rektor ved den einskilde skule er ansvarleg for opptak og skal på vegner av styret sørge for at opptaka til fagskoleutdanningane blir gjennomført korrekt. Rektor nemner opp medlemmer til opptakskomiteen. Komiteen skal gjennomføre det praktiske opptaket og vurdere realkompetanse. Komiteen er sett saman av administrativt og pedagogisk tilsette. Det er rektor som fattar endeleg vedtak om opptak.</p>	<p><u>§ 2-8 Ansvar for opptak</u> Rektor er ansvarleg for opptak og skal på vegner av styret sørge for at opptaka til fagskoleutdanningane blir gjennomført korrekt. Rektor nemner opp medlemmer til opptakskomiteen. Komiteen skal gjennomføre det praktiske opptaket og vurdere realkompetanse. Komiteen er sett saman av administrativt og pedagogisk tilsette. Det er rektor som fattar endeleg vedtak om opptak.</p>
<p>§ 2-9 vert også føreslått endra slik at det kjem fram at det er éin fagskule.</p>	<p><u>§ 2-9 Klage på vedtak om opptak</u> Opptak til fagskulen er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2b og kan klagast på etter denne lova (§ 28 og § 29). Det er den einskilde fagskule det vert søkt til som fattar</p>	<p><u>§ 2-9 Klage på vedtak om opptak</u> Opptak til fagskulen er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2b og kan klagast på etter denne lova (§ 28 og § 29). Det er fagskulen som fattar vedtak om opptak, og eventuell</p>

	<p>vedtak om opptak, og eventuell klage vert handsama av den lokale klagenemnda. Klage skal sendast til den fagskulen som har fatta vedtak. Nærare føresegner om klagehandsaming er gitt i kap. 5 i denne forskrifta.</p>	<p>klage vert handsama av den lokale klagenemnda. Klage skal sendast til fagskulen. Nærare føresegner om klagehandsaming er gitt i kap. 5 i denne forskrifta.</p>
<p>§ 2-10 tredje ledd vert føreslått oppdatert med nytt namn – Fagskolen i Hordaland.</p> <p>I fjerde ledd vert det føreslått å endre omgrepet «delemne» i punkt b til omgrepet «tema». Årsaka til dette er at «tema» er det rette omgrepet som vert nytta i høve til dei delane som inngår i eit emne.</p> <p>I sjette ledd er Fagskolane i Hordaland endra til Fagskolen i Hordaland.</p>	<p><u>§ 2-10 Innpassing og fritak</u>  (3) For å få skrive ut vitnemål eller anna dokumentasjon for fullført utdanning ved fagskulen, må minst 30 fagskulepoeng som skal inngå i utrekningsgrunnlaget, vere avlagt ved Fagskolane i Hordaland som siste del av utdanninga, jf. § 2 i forskrift om fagskoleutdanning.</p> <p>(4) Søknad om innpassing eller fritak må leverast til skulen innan 30. september for emna i haustsemesteret og 1. februar for emna i vårsemesteret. Søknaden må innehalde dokumentasjon av omfang og innhald i emnet/kompetansen som studenten ønskjer å søkje innpassing eller fritak for; nærare bestemt:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>a) Vitnemål / karakterutskrift / realkompetansevurdering</li> <li>b) Oversikt over kva delemne som inngår i emnet</li> <li>c) Oversikt over læringsutbytteomtalen av emnet eller studieplan</li> </ol> <p>(6) Vedtak om innpassing og fritak av eit emne vert fatta av rektor etter innstilling frå opptakskomiteen ved fagskulen. Vedtak om innpassing eller fritak ved Fagskolane i Hordaland er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2b og kan klagast på etter denne lova (§§ 28 og 29). Klage skal sendast til den fagskulen som har fatta vedtak. Nærare føresegner om klagehandsaming er gitt i kap. 5. i forskrift for opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolane i Hordaland.</p>	<p><u>§ 2-10 Innpassing og fritak</u>  (3) For å få skrive ut vitnemål eller anna dokumentasjon for fullført utdanning ved fagskulen må minst 30 fagskulepoeng som skal inngå i utrekningsgrunnlaget, vere avlagt ved Fagskolen i Hordaland som siste del av utdanninga, jf. § 2 i forskrift om fagskoleutdanning.</p> <p>(4) Søknad om innpassing eller fritak må leverast til skulen innan 30. september for emna i haustsemesteret og 1. februar for emna i vårsemesteret. Søknaden må innehalde dokumentasjon av omfang og innhald i emnet/kompetansen som studenten ønskjer å søkje innpassing eller fritak for; nærare bestemt:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>a) Vitnemål / karakterutskrift / realkompetansevurdering</li> <li>b) Oversikt over kva tema som inngår i emnet</li> <li>c) Oversikt over læringsutbytteomtalen av emnet eller studieplan</li> </ol> <p>(6) Vedtak om innpassing og fritak av eit emne vert fatta av rektor etter innstilling frå opptakskomiteen ved fagskulen. Vedtak om innpassing eller fritak ved Fagskolen i Hordaland er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2b og kan klagast på etter denne lova (§§ 28 og 29). Klage skal sendast til den fagskulen som har fatta vedtak. Nærare føresegner om klagehandsaming er gitt i kap. 5. i forskrift for opptak, eksamen, disiplinære sanksjonar og klagehandsaming for Fagskolen i Hordaland.</p>

<p>Namnet Fagskolane i Hordaland er endra til Fagskolen i Hordaland.</p>	<p><u>§ 2-11 Annullering av vedtak om innpassing og fritak</u>  (1) Den lokale klagenemnda kan annullere vedtak om innpassing eller fritak av eitt eller fleire emne ved ei fagskuleutdanning ved Fagskolane i Hordaland dersom ein student har fått innpassing eller fritak ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. lov om fagskuleutdanning § 9.</p>	<p><u>§ 2-11 Annullering av vedtak om innpassing og fritak</u>  (1) Den lokale klagenemnda kan annullere vedtak om innpassing eller fritak av eitt eller fleire emne ved ei fagskuleutdanning ved Fagskolen i Hordaland dersom ein student har fått innpassing eller fritak ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel jf. lov om fagskuleutdanning § 9.</p>
<p>§ 3-5 vert føreslått endra slik at den omtalar både eksamensordning og emnekarakter.</p>	<p><u>§ 3-5 Eksamensordning</u>  Styret kan gi forskrift om forhold som er spesielle for den einskilde eksamen.</p>	<p><u>§ 3-5 Eksamens- og vurderingsordning</u>  (1) Styret kan gi forskrift om forhold som er spesielle for den einskilde eksamen.   (2) Vurdering med emnekarakter for kvart emne vert gjort på grunnlag av arbeidskrava for emnet. Arbeidskrava er omtalt i studieplanen for kvar utdanning. For å bestå emnet må arbeidskrava vere oppnådd.   (3) Når emnekarakteren vert fastsett, blir det gjort på grunnlag av arbeidskrava. Dersom ein student ikkje har oppfylt og bestått alle arbeidskrava i eitt eller fleire tema, vil det ikkje bli fastsett sluttkarakter i emnet, og studenten har såleis ikkje rett til å gå opp til eksamen.   (4) Sjå også § 3-13 Rett til å gå opp til eksamen.</p>
<p>Det vert føreslått å endre fyrste setning slik at det kjem fram at det er éin fagskule.</p>	<p><u>§ 3-12 Avsluttande vurdering, eksamen og sensur</u>  (1) Styret delegerer til rektor på den einskilde skule å nemne opp sensor ved eksamen, prøve, vurdering av oppgåver eller anna arbeid når resultatet er del av</p>	<p><u>§ 3-12 Avsluttande vurdering, eksamen og sensur</u>  (1) Styret delegerer til rektor å nemne opp sensor ved eksamen, prøve, vurdering av oppgåver eller anna arbeid når resultatet er del av vitnemålet eller vert rekna</p>

	vitnemålet eller vert rekna inn i karakter for utdanninga, jf. fagskulelova § 6.	inn i karakter for utdanninga, jf. fagskulelova § 6.
Det vert føreslått å endre omgrepet «fag- eller studieplan» til «studieplan» av di det er dette omgrepet som vert nytta i dag.	<u>§ 3-13 Rett til å gå opp til eksamen</u> (6) Når ein student ikkje fullfører studiet/emnet innan normert studietid og det i mellomtida er gjort vesentlege endringar i fag- eller studieplan, gjeld retten til å fullføre etter den opphavlege fag- eller studieplan i eitt år etter at endringa vart gjort gjeldande.	<u>§ 3-13 Rett til å gå opp til eksamen</u> (6) Når ein student ikkje fullfører studiet/emnet innan normert studietid og det i mellomtida er gjort vesentlege endringar i studieplan, gjeld retten til å fullføre etter den opphavlege studieplan i eitt år etter at endringa vart gjort gjeldande.
Namnet Fagskolane i Hordaland er endra til Fagskolen i Hordaland.	<u>§ 3-17 Krav om frammøte</u> Det er krav om 80 % frammøte til undervisninga ved Fagskolane i Hordaland. Studentar som ikkje fyller dette kravet, kan miste retten til å fortsette studiet. Ved tap av rettar har studenten klagerett; sjå kap. 5. om klage og klagehandsaming.	<u>§ 3-17 Krav om frammøte</u> Det er krav om 80 % frammøte til undervisninga ved Fagskolen i Hordaland. Studentar som ikkje fyller dette kravet kan miste retten til å fortsette studiet. Ved tap av rettar har studenten klagerett; sjå kap. 5. om klage og klagehandsaming.
§ 3-18 første ledd vert føreslått justert slik at det kjem fram at permisjon som hovudregel vert gjeve for eitt år, og ikkje inntil eitt år. Vidare vert det føreslått å omtale rettar til permisjon i samband med svangerskap, fødsel og omsorg for barn.	<u>§ 3-18 Permisjon og tilrettelegging</u> (1) Ein student kan søkje om og få permisjon dersom tungtvegande grunnar gjer det naudsynt, til dømes ved sjukdom eller innkalling til førstegongsteneste. Permisjon blir som hovudregel gitt for ein periode på inntil eitt år. I ekstraordinære tilfelle kan permisjon bli gitt i ytterlegare eitt år.	<u>§ 3-18 Permisjon og tilrettelegging</u> (1) Ein student kan søkje om å få permisjon dersom tungtvegande grunnar gjer det naudsynt, til dømes ved sjukdom eller innkalling til førstegongsteneste. Permisjon blir som hovudregel gitt for ein periode på eitt studieår. I ekstraordinære tilfelle kan permisjon bli gitt i ytterlegare eitt år. Ein student som får barn under studiet, har rett til permisjon frå studiet under svangerskap og til omsorg for barn. Permisjon ved fødsel gjeld også far, medmor og medfar.
§ 5-1 andre ledd ver føreslått endra slik at det kjem fram at det er Fagskolen i Hordaland, og at klagenemnda er sett saman av medlemmar både frå Fagskolen i Hordaland og Yrkesdykkerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet.	<u>§ 5-1 Klageinstans</u> (2) Ved klage på bortvising, utestenging, annullering av eksamen, utestenging etter skikkavurdering eller politiattest er det Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning som er klageinstans. Ved alle andre klager er det den lokale klagenemnda som er ansvarleg for klagehandsaming. Klagenemnda består av minimum fem medlemmar etter følgjande kvalifikasjonar; leiar	<u>§ 5-1 Klageinstans</u> (2) Ved klage på bortvising, utestenging, annullering av eksamen, utestenging etter skikkavurdering eller politiattest er det Nasjonal klagenemnd for fagskoleutdanning som er klageinstans. Ved alle andre klager er det den lokale klagenemnda som er ansvarleg for klagehandsaming. Klagenemnda består av minimum fem medlemmar etter følgjande kvalifikasjonar; leiar

	<p>og vara for leiar fyller dei lovfesta krava til lagdommarar og er ikkje tilsett ved fagskulen, to medlemmar frå Fagskolane i Hordaland og to studentar. Alle medlemmane har personleg vara, og mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til forvaltningslova. Den lokale klagenemnda er vedtaksfør når leiar eller vara for leiar og to andre medlemmer er til stades. Vedtak fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskulane sine enkeltvedtak kan ikkje påklagast.</p>	<p>og vara for leiar fyller dei lovfesta krava til lagdommarar og er ikkje tilsett ved fagskulen, eitt medlem og éin student frå Fagskolen i Hordaland, eitt medlem og éin student frå Yrkesdykkerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet. Alle medlemmane har personleg vara, og mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til forvaltningslova. Den lokale klagenemnda er vedtaksfør når leiar eller vara for leiar og to andre medlemmar er til stades. Vedtak fatta av den lokale klagenemnda i saker om fagskulane sine enkeltvedtak kan ikkje påklagast.</p>
<p>Punkt b i denne § vert endra slik at det ikkje er eit krav til å gje grunngjeving for ein klage. NOKUT har peika på dette i samband med godkjenning av Lokal matkultur.</p>	<p><u>§ 5-2 Framgangsmåte og fristar</u> (5) Den skriftlege klagen skal innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) kven som klagar (namn og adresse)</li> <li>b) vedtak det vert klaga over</li> <li>c) kva klaga gjeld og grunngjeving for denne</li> <li>d) dato og underskrift/er</li> </ul>	<p><u>§ 5-2 Framgangsmåte og fristar</u> (5) Den skriftlege klagen skal innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) kven som klagar (namn og adresse)</li> <li>b) vedtak det vert klaga over</li> <li>c) kva klaga gjeld</li> <li>d) dato og underskrift/er</li> </ul>
<p>§ 6-1 vert oppdatert i tråd med oppdatering av denne forskrifta. Dato vert sett på når forskrifta er endeleg vedteken av styret etter høyringsrunda.</p>	<p><u>§ 6-1 Ikraftsetjing og oppheving</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) Denne forskrifta trer i kraft 05.05.2017.</li> <li>b) Samtidig vert reglement for Fagskolane i Hordaland gjeldande frå 15.09.2016 oppheva.</li> </ul>	<p><u>§ 6-1 Ikraftsetjing og oppheving</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>c) Denne forskrifta trer i kraft DATO.</li> <li>d) Samtidig vert forskrift for Fagskolane i Hordaland gjeldande frå 05.05.2017 oppheva.</li> </ul>